

**Årsregnskap 2009  
for  
Dill As**

**Organisasjonsnr. 994085956**

**Utarbeidet av:**  
Datahjelp AS  
Autorisert regnskapsførerselskap

**5457 HØYLANDSBYGD**

# Dill AS

## Årsmelding 2009

### **Om verksemda og kor denne vert driven**

*Dill AS* er eit privat selskap skipa 20.04 2009 og registrert i Brønnøysundregistrene 13.06.2009. Skipping av dette selskapet er ein direkte konsekvens av at kommunale budsjettkutt ville føre til reduksjon av kommunale tenester frå *Halsnøytunet*.

Initiativet til dette kom frå mange lokale eldsjeler som ikkje ville akseptera kutt i tilbodet til eldre, og som difor meinte at drifta burde kunna føregå i privat regi. Engasjementet frå bygdefolk og lokale bedrifter har vore stort, noko ikkje minst innbetalt aksjekapital på heile kr 666 000,- og pengegåver på godt kr 100 000,- syner.

Dill AS som har inngått kontrakt med Kvinnherad kommune om leige av godt tilrettelagde lokaler på Halsnøytunet, Sæbøvik, starta drifta den 1. juli 2009 med kjøkken for produksjon av mat og drift av kafé og selskapslokaler. Frå 1. september vart aktiviteten utvida til også å omfatta catering. Dill AS sine tilbod har i første omgang vore retta mot brukarane ved Halsnøytunet og bygdefolket på Halsnøy og Fjelbergøyane.

Kjøkkendrifta fungerer godt og mange nyttar seg av kjøkkenet sine ulike tilbod. Kafeen er godt besøkt, særleg er torsdagar med tilbod om komlemiddag populær. Dagleg hjelper mange ulønna frivillige til med servering, rydding og reinhald, så dugnadsanda er absolutt til stades !

### **Frivilligsentral**

Arbeidet med å utvikle ein lokal frivilligsentral går sin gong. Det har teke litt lengre tid enn kva vi hadde rekna med. Så langt har vi registrert aktiviteten i Brønnøysund under namnet **OPTIMISTEN**. Styret i Dill AS utgjer styre også for Optimisten. Dette frivilligtiltaket vil bygdefolk og andre også kunna støtta gjennom den såkalla Grasrotandelen: Her kan ein velja at inntil 5% av innsatsen skal gå til akkurat denne frivillige organisasjonen når ein speler Norsk Tipping sine ulike spell.

Heilt frå starten av har tirsdagstreffet på Dill vore i gong. Det er organisert av tre aktive damer med hjelparar, og oppslutningen har heile tida vore god. På desse treffa kjem det og inn ein del midler som kan nyttast til tiltak for auka trivsel på Halsnøytunet. Styret håper å få inn mange gode forslag til slike tiltak.

Det å organisere utkøyring av mat frå Dill AS, har diverre teke noko lengre tid enn venta, men det er no gjort endelege avklaringar med leiinga ved Halsnøytunet, og

vi håper å koma i gong i nær framtid. Ein del frivillige sjåførar har alt meldt seg til teneste, men vi treng framleis fleir. Sameleis er arbeidet i gong med å starte opp besøkstenesten. I rimeleg nær framtid reknar vi med å kunna gjennomføra eit opplegg med kurs og informasjon for dei som skal delta i denne tenesten. Her treng vi og tilgong til fleire frivillige.

### **Styret og dagleg leiing**

Styret i Dill AS har hatt 9 ordinære styremøte i 2009 i tillegg til deltaking i ei rekkje andre møter. Det er ikkje betalt honorar til styreformann eller nokon av dei andre medlemene i styret. Styret: Gerhard Eide, leiar, Leif Helge Særsten, nestleiar, Lise Hauge Karlsen, medlem frå dei tilsette, Unni Landa Haugland, medlem og Øyvind Særsten, medlem. Varamedlem: Ingrid Stalheim Hillestad. Merete Berntsen har delteke i dei fleste styremøtene.

Dagleg leiar: Kari Medhus Eide.

### **Tilsette**

I tillegg til dei frivillige hjelparane, har selskapet 4 fast tilsette. Dagleg leiar i full stilling, 2 tilsette i 75%-stilling og 1 tilsett i 20%-stilling, i alt 2,7 årsverk.

### **Utvikling og resultat**

Selskapet har dette første halvåret i drift hatt ein omsetning på kr 1 717 291,- Driftsresultatet vart kr 151 469,-, og årsresultat etter skatt kr 113 666,-. Resultatet ligg godt over det vi hadde budsjettert med. Etter dette er selskapet sin bokførte eigenkapital kr 776 666,-. Styret seier seg særst godt nøgd med drifta dette første halvåret.

### **Framleis drift**

Føresetnaden om at drifta held fram er til stades, og årsrekneskapen for 2009 er sett opp under denne føresetnaden.

### **Arbeidsmiljø**

Styret meiner arbeidsmiljøet i selskapet er tilfredsstillande. Det har ikkje vore skader eller ulykker i 2009. Sjukefråværet har vore heilt ubetydeleg.

### **Likestilling**

Selskapet har 4 tilsette, alle kvinner. Styret er samansett av 3 menn og 2 kvinner. Styret har ut frå ei vurdering av tal tilsette og stillingskategorier ikkje funne det nødvendig å setje i verk tiltak med omsyn til likestilling.

### **Ytre miljø**


Selskapet forureiner ikkje det ytre miljøet.

### **Hjarteleg takk**

Styret vil til slutt retta ei varm takk til alle som har støtta opp om dette tiltaket, og vi vil takka dei mange frivillig medhjelparane og ikkje minst dei tilsette og dagleg leiar for ein framifrå innsats i 2009.

Sæbøvik, den 6. april 2010

  
Gerhard Eide  
styreleiar

  
Leif Helge Særsten  
nestleiar

  
Lise Olaug Hauge Karlsen  
styremedlem

  
Unni Landa Haugland  
styremedlem

  
Øyvind Særsten  
styremedlem

## Resultatregnskap

	Note	2009	2008
<b>DRIFTSINNETEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>			
<b>Driftsinntekter</b>			
Salgsinntekt		1 613 869	0
Annen driftsinntekt	1	103 422	0
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>1 717 291</b>	<b>0</b>
<b>Driftskostnader</b>			
Varekostnad		480 136	0
Lønnskostnad	2,3	732 897	0
Annen driftskostnad		352 789	0
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>1 565 822</b>	<b>0</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>		<b>151 469</b>	<b>0</b>
<b>FINANSINNETEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
<b>Finansinntekter</b>			
Annen renteinntekt		6 469	0
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>6 469</b>	<b>0</b>
<b>Finanskostnader</b>			
Annen rentekostnad		69	0
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>69</b>	<b>0</b>
<b>NETTO FINANSPOSTER</b>		<b>6 400</b>	<b>0</b>
<b>ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD</b>		<b>157 869</b>	<b>0</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	4	44 203	0
<b>ORDINÆRT RESULTAT</b>		<b>113 666</b>	<b>0</b>
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>113 666</b>	<b>0</b>
<b>OVERF. OG DISPONERINGER</b>			
Overføringer annen egenkapital		113 666	0
<b>SUM OVERFØRINGER OG DISPONERINGER</b>		<b>113 666</b>	<b>0</b>

## Balanse pr. 31.12.2009

	Note	31.12.2009	31.12.2008
<b>EIENDELER</b>			
<b>ANLEGGSMIDLER</b>			
Immaterielle eiendeler			
Utsatt skattefordel		2 800	0
<b>Sum immaterielle eiendeler</b>		<b>2 800</b>	<b>0</b>
<b>SUM ANLEGGSMIDLER</b>		<b>2 800</b>	<b>0</b>
<b>OMLØPSMIDLER</b>			
Varer			
<b>Fordringer</b>		64 000	0
Kundefordringer	5	41 462	0
Andre fordringer		2 877	0
<b>Sum fordringer</b>		<b>44 339</b>	<b>0</b>
Bankinnskudd, kontanter o.l.	6	975 214	0
<b>SUM OMLØPSMIDLER</b>		<b>1 083 553</b>	<b>0</b>
<b>SUM EIENDELER</b>		<b>1 086 353</b>	<b>0</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>EGENKAPITAL</b>			
Innskutt egenkapital			
Selskapskapital	7	663 000	0
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>663 000</b>	<b>0</b>
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	8	113 666	0
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>113 666</b>	<b>0</b>
<b>SUM EGENKAPITAL</b>		<b>776 666</b>	<b>0</b>
<b>GJELD</b>			
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Leverandørgjeld		69 879	0
Betalbar skatt	4	47 003	0
Skyldig offentlige avgifter		70 552	0
Annen kortsiktig gjeld		122 253	0
<b>SUM KORTSIKTIG GJELD</b>		<b>309 687</b>	<b>0</b>
<b>SUM GJELD</b>		<b>309 687</b>	<b>0</b>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>1 086 353</b>	<b>0</b>

Sæbøvik 6. april 2010

Gerhard Eide Leif Helge Særsten Unni L. Haugland Øyvind Særsten Lise Olaug Karlsen Kari E. Medhus  
 styreleiar styremedlem styremedlem styremedlem styremedlem dagleg leiar

## Noter 2009

### Regnskapsprinsipper og virkning av prinsippendringer

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.

Inntektsføring ved salg skjer på leveringstidspunktet. Kostnader medtas etter sammenstillingprinsippet, som innebærer at de medtas i samme periode som tilhørende inntekter inntektsføres.

Eiendeler knyttet til varekretsløpet er klassifisert som omløpsmidler. Den samme regelen gjelder for kortsiktig gjeld. Fordringer og gjeld som ikke knytter seg til varekretsløpet, er klassifisert som omløpsmidler/kortsiktig gjeld hvis de forfaller innen ett år etter regnskaps-avslutningstidspunktet. Øvrige eiendeler/gjeld er klassifisert som anleggsmidler/langsiktig gjeld.

Omløpsmidler er verdsatt til den laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi, tilsvarende vurderingsprinsipp er også benyttet for kortsiktig gjeld.

Anleggsmidler er verdsatt til historisk kost, med nedskrivning for ikke forbigående verdifall hvis dette er aktuelt og - for avskrivbare eiendeler - etter fradrag for planmessige avskrivninger. Langsiktig gjeld vurderes etter samme prinsipper som anleggsmidler.

Kundefordringer er i balansen oppført til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap til pålydende. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene. Øvrige fordringer er oppført til pålydende.

Regnskapsprinsippene er ellers nærmere omtalt i de tilhørende noter til de enkelte regnskapspostene.

## Noter 2009

### Note 1 - Annen driftsinntekt

I forbindelse med oppstart av nytt selskap er det gitt gaver for tilsammen kr. 103.422.-

### Note 2 - Lønnskostnad

Selskapet har hatt 2,7 årsverk i perioden 01.07.-31.12.09

Spesifikasjon av lønnskostnader	I år	I fjor
Lønn	626 005	0
Arbeidsgiveravgift	68 260	0
Pensjonskostnader	17 983	0
Andre lønnsrelaterte ytelser	20 650	0
<b>Totalt</b>	<b>732 897</b>	<b>0</b>

### Ytelser til ledende personer og revisor

Daglig leder	189.182.-
Styremedlemmer	0

### Note 3 - Obligatorisk tjenstepensjon

Selskapet er pliktig å ha tjenstepensjonsordning etter lov om tjenstepensjon. Det er tegnet pensjonsordning i Frende Forsikring.

### Note 4 - Skattekostnad på ordinært resultat

	2009
Betalbar skatt	47 003
Endring i utsatt skatt og utsatt skattefordel	-2 800
<b>Samlede ordinære skattekostnader</b>	<b>44 203</b>

### Utsatt skatt/utsatt skattefordel

	2008	2009
= Grunnlag utsatt skattefordel	0	10 000
Utsatt skattefordel	0	2 800

## Noter 2009

### Note 5 - Kundefordringer

Kundefordringer og andre fordringer er vurdert til pålydende.

### Note 6 - Bankinnskudd, kontanter o.l.

I posten inngår bundne bankinnskudd med kr. 45.430.-

### Note 7 - Selskapskapital

Selskapet har 221 aksjer hver pålydende kr 3 000, samlet aksjekapital utgjør kr 663 000.

Selskapets 4 største aksjeeiere som eier mer enn 5 % av aksjekapitalen er:

Aksjonærens navn	Antall aksjer
Fjelberg Kraftlag SA	50
Kari Medhus Eide	12
Lise Olaus Karlsen	12
Merete Eide Berntsen	12

Selskapets tillitsmenn har eierandeler og rettigheter til eierandeler:

	Antall aksjer
Daglig leder	12
Medlemmer av styret	20

### Note 8 - Annen egenkapital

	Aksjekapital / selskapskapital	Annen egenkapital	Sum egenkapital
Pr 1.1.	0	0	0
Tilført fra årsresultat	0	113 666	113 666
Andre transaksjoner:	663 000	0	663 000
<b>Pr 31.12.</b>	<b>663 000</b>	<b>113 666</b>	<b>776 666</b>